

Til Landbruksdepartementet

Innspel til ny jordbruksmelding:

Nokre punkt vi meiner vil vera viktig for fruktnæringa framover:

- **Tollvern** som gjer at ein kan oppnå tilstrekkeleg pris på produkta er ein føresetnad for å kunne produsere frukt i Noreg.
- **Investeringsverkemiddel**
IBU (BU)-midlar har vore viktig for fornying og utvikling av fruktnæringa dei siste åra. Det vil vera viktig å oppretthalde verkemiddel til investeringar i næringa i åra framover. Investeringstilskott er særleg viktig for rekruttering og nye produsentar.
- **Kompetanse og rådgjeving**
Kunnskap er og blir stadig viktigare for å lykkast med fruktproduksjon; oppnå gode avlingar og god kvalitet. Ei god og samordna rådgjevingsteneste er viktig i denne samanhengen.
- **FOU**
Det er viktig å satse på forskning og utvikling innan fruktproduksjon. Utvikling av nye sortar, og forskning på driftsmåtar; plantevern, gjødsling, driftsteknikk m.m., er viktig for å utvikle, fornye og effektivisere fruktproduksjonen. Også viktig med tanke på miljøvenlege driftsformer og fruktproduksjon under klima i endring.
- **Skatt**
Endra avskrivingsreglar for frukttre.

Venleg helsing

For medlemmer i Telefrukt Produsentlag
på Norske fruktdagar i Ulvik 28.-29. jan. 2016
v/Gunnar H Li (leiar)
Augund Myrjord
Dag Gjermund Roheim